



**FØRSTE SAMLING:** Her er Sjur Skeie Petersen i aksjon under si første samling som landslagstrener. Det skjedde i Ekeberghallen sist helg.  
FOTO: MORTEN SLETTEN

# Frå TeBe-serien til landslaget

**Sjur Skeie Petersen** og **Egil Drillo Olsen** har ein ting felles: Dei er begge landslagstrenerar i regi av Noregs Fotballforbund.

Sist helg leia Skeie Petersen, som til vanleg spelar fotball for Ørnar i den lokale TeBe-serien, si første landslags-samling som trenar for dovelandslaget i fotball. Til samlinga i Ekeberghallen i Oslo, var det kalla inn 21 spelarar. Av desse skal vossingen plukka ut ein 12-mannstropp til Nordisk-Baltisk meisterskap i Finland i november. Skeie Petersen si trenarerfaring består av ei kort tid som trenar i aldersbestemt fotball for Ørnar. Dovespråk kan han ingenting av. Likevel går Skeie Petersen til oppdraget frå doveutvalet i NFF med stor energi. Han har nemleg eit brennande hjarta for fotball. Fotball er, for utanforståande, innandørsfotball med keeper og fire utespelarar.

– Fotball er ein sport på veg oppover. Det er i dag lite offisiell futsalkompetanse i Noreg.

**KOMMUNIKASJON.** Med seg under treningssamlinga hadde den nyttilsette landslagstreneren ein eigen doveutolk. Og kommunikasjonen gjekk betre enn vossingen hadde frykta på førehand. – Det var god hjelp i å ha med tolk, men elles er det utruleg kor mykje ein kan kommunisera utan ord i fotballsammenheng. På den fyrste møtet, fredagskvelden, kommuniserte eg ved at eg skreiv meldingar på papir. Det gjekk fint helle helga, men eg vart

skikkeleg slitne, seier landslagstreneren. Sportsleg gjekk samlinga etter planen. Det vart gjennomført fire treningar i løpet av dei tre dagane.

– Treningane var positive opplevingar. Eg fekk gjort det eg hadde tenkt. Alt fungerte. Eg hadde hovudfokus på forsvarsspel denne samlinga.

– I løpet av september skal landslaget samlast på Ål for å finpusa formasjonane for meisterskapen i Finland.

**GOD RESPONS.** Leiar i doveutvalet i NFF, Morten Sletten, er godt nøgd med at vossingen sa ja til å bli landslagstrener.

– Me vart oppmoda om å ta kontakt med Sjur. Då det viste seg at våre ynskje og Sjur sine tankar om futsal harmonerte, var det lett for oss å tilby han å vera trenar for vårt landslag, seier Sletten. Han fortel at doveutvalet ynskjer at vossingen skal byggja opp eit landslag fram til EM i 2014 og VM i 2015. Men partane har vorte einigje om at situasjonen skal evaluerast av trenar, spelarar og doveutvalet etter nordisk-baltisk meisterskap.

– Eg hadde eit godt inntrykk av Sjur på førehand, men under samlinga vart eg meir overtydd om at han er rett mann for denne jobben. Ikkje berre er han fotballfagleg dyktig, men han har også ei god pedagogisk tilnærming til spelarane.

Futsalandslaget for dove vart starta opp for seks år sidan. Og laget har ikkje særleg med resultat å visa til.

## SJUR SKEIE PETERSEN

**FØDD:** 28.09.1985

**ADRESSE:** Voss

**KLUBB:** Ørnar

**YRKE:** Vikar ved vaksenopplæringa, og lærarstudent.

**SIVIL STATUS:** Sambuar med Bodil Sekse. Far til Sondre (3 år) og Eskil (4 veke).

**AKTUELL:** Ny trenar for dovelandslaget i fotball.



**KOMMUNIKASJON:** Når Sjur Skeie Petersen gjev instruksjon under trening, må ein doveutolk vidareformidla budskapet.  
FOTO: MORTEN SLETTEN

« Dette handlar sjølvsagt ikkje om pengar, men om unik erfaring både futsalmessig og reint personleg.

Sletten fortel at målet er å bli leiande i Skandinavia.

**UTAN LØN.** Vossingen får ikkje ei eneste krone i løn som landslagstrener, men får sjølvsagt dekkja alle utgifter.

– Dette handlar sjølvsagt ikkje om pengar, men om unik erfaring både futsalmessig og reint personleg. Eg kan godt tenkja meg å utvikla meg som futsaltrenar. I denne jobben har me 3-5 samlingar i året. Skulle eg ha trena eit futsalag lokalt, ville det ha gått mykje meir tid med. Og no medan eg er småbarnspappa, passar jobben med dovelandslaget meg heilt topp.

ØRJAN BRATTETVEIT | tekst  
VIDAR HERRE | foto  
redaksjon@avisahoraland.no

## FOTBALL TeBe-serien

Granvin - Eldar	Utsett
Gullfjordingen FC - Dale	2-3
Joker 2 - GodFoten FC	1-6
Bjørgum - Ørnar	3-3
Granvin - Ørnar	3-9

Ørnar	8	6	1	0	58-18	22
Dale	8	5	1	2	33-26	16
Bjørgum	8	4	2	1	18-14	15
Gullfjordu FC	8	3	1	4	34-27	10
GodFoten FC	8	3	1	4	25-28	10
Granvin	7	3	0	4	26-38	9
Eldar	7	2	0	5	16-33	6
Joker 2	8	0	1	7	21-53	1

## SPORT-ARENA

**Fotballkamp**  
Voss-Stryn, menn 3. divisjon, på Idrottsplasse laurdag.

**Taekwon-Do**  
Treninga startar opp på onsdag 5. september.